



Aurland Energibygg as

Bakgrunn for og forklaring til, utsleppsløyve for lagring av betongslam på gbnr 29/92 i Lærdal - gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova til lagring av betongslam massar på gbnr 29/92 (Lærdasøyri) i Lærdal kommune.

Løyvet med tilhøyrande vilkår vert send saman med denne oversendinga. Dokumenta må sjåast i samanheng. Dette dokumentet gir bakgrunn for saka, grunngeving for vedtak og nærare tolkingsgrunnlag for dei juridiske vilkåra (rang som lovtekst for verksemda) i løyvedokumentet.

Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemda vil få betalingskrav i etterkant.

Vi viser til søknad frå Aurland Energibygg as dagsett 29.3.17 om løyve til lagring av betongslam og liknande frå produksjon av ferdigbetong etter ureiningslova.

Når vurdering av søknad endar – som her - med utsleppsløyve til aktivitet, vert vedtaket send ut som to skriv: Dette oversendingsbrevet og løyvedokumentet. Oversendingsbrevet omtalar bakgrunn for saka og søknadsprosessen. Det gir nærare grunngeving for vedtaket og enkelte vilkår, og må nyttast som tolking av nærare krav i enkelte av vilkåra. I vedlagte skriv (løyvedokumentet) gir Fylkesmannen utsleppskonesjon (utsleppsløyve) til verksemda på omtalt stad og for nærare avgrensa aktivitet. Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumentet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Verksemda må leggje dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan omfatta ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll.

Saksframstilling

Aurland Energibygg as er ei etablert verksemd som driv med produksjon av ferdigbetong. Hovudanlegget ligg i Lærdal kommune. Verksemda har behov for å kunne lagre betongslam og andre produksjonsrestar frå produksjonen som ikkje kan inngå i ordinær produksjon.

Verksemda ønskjer å gjenvinne avfallet, men har ikkje funne gode gjenvinningsføremål i nærområdet. Lagring av avfall frå slik produksjon, må vurderast etter ureiningsregelverket

dersom det kan vere skjemmande, medføre fare for ureining (støving eller utslepp til vatn), eller lagringa varar utover tider som er omtalt i kap. 9 i avfallsforskrifta.

Reglane om avfall vil seie at avfall som hovudregel skal leverast til godkjent mottak, med mindre det kan gjenvinnast i samsvar med føringane i ureiningslova. Avfall frå produksjon av ferdigbetong kan vidare lagrast på produksjonseigedommen i inntil eitt år utan at det til vanleg vil utløyse krav om lagringsløyve frå Fylkesmannen, og dersom avfallet etter dette vert levert til godkjent sluttdisponering (levert til eit deponi godkjent av Fylkesmannen). Avfallet kan også verte lagra på same måte inntil tre år - dersom det er konkrete planar om gjenvinning, utan at Fylkesmannen pliktar å vedta lagringsløyve.

På denne staden er det ikkje konkrete planar om gjenvinning, og Fylkesmannen må vurdere om det er forsvarleg etter ureiningsregelverket å kunne lagre avfallet i lengre tid – i påvente av konkrete planar for gjenvinning eller annan lovleg sluttdisponering.

Førehandsvarsling og offentleg høyring

Søknaden vore førehandsvarsla til Lærdal kommune som har bede om at det vert sett vilkår som i varetek omsyn i høve strandsona og vassdrag, t.d. skjerming, begrensning innsyn, hindre avrenning etc.

Produksjonsforhold

Verksemda produserer årleg varierende mengd ferdigbetong. Produksjonen medfører m.a. vaskevatt med betongblande-restar, vatn med betongslam og mindre delar av meir eller mindre herda betongrestar.

Slam og betongrestar kan i mindre mengder verte blanda inn i ny produksjon. Slik innblanding vil kunne endre produktkvalitet og herdetider, og det er ikkje vanleg at nemneverdige mengder av slikt avfall vert nytta oppatt. Verksemda som denne får dermed eit avfallsprodukt som må handterast.

Verksemda ønskjer å gjenvinne avfallet ved å kunne nytte det lokalt til jordforbetningsmiddel til terrengregulering ved bestemte føremål og stader, eller til istandsetjing og utbetring av massetak (dersom nytta i samsvar med føresetnader med avslutningsplan frå Direktoratet for mineralforvaltning).

Miljøpåverknad frå aktivitetane

Avfallet er uorganisk og består av vesentleg sand/grus, iblanda sement og mindre mengder tilsetningsstoff (organiske stoff som bidrar til spesielle eigenskapar ved produktet, eller stoff som får betongen til å endre herdetider). Tilsetningsstoffa har ikkje nemneverdige miljøfarlege eigenskapar. Avfallet er sandig, har høgt kalkinnhald og høg pH (irriterande ved langvarig hudkontakt). Forsøk viser at det kan vere gunstig i jordblandingar, og nytta i mindre mengder kan slammet og herda restar vere velegna til å kunne nyttast ved utfyllingsføremål.

Avfallet inneheld også tungmetall i tilstrekkelege konsentrasjonar til at det til vanleg må karakteriserast som ordinært avfall. Det er særleg innhaldet av seks-verdig krom og sink som gjer at det bør vere nokre restriksjonar på fri bruk av massane til utfyllingsføremål.

Til no har verksemda ikkje arbeidd tilstrekkeleg eller lukkast med å få avsetjing på avfallet.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngeving for fastsette vilkår

Generelt

Fylkesmannen har ved avgjerda av om løyve skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg.

Løyvet omfattar ei avgrensa mengd avfall som søkjar ønskjer å utnytte til gjenvinningsføremål. Verksemda har sidan oppstart på ulike måtar lagra og utnytta slammet i kommunen. Verksemda har ikkje hatt tilstrekkeleg kunnskap om slik handtering, og det er grunn til å tru at ikkje all tidlegare disponering har vore i samsvar med ureiningsregelverket.

Fylkesmannen er nøgd med at verksemda no ønskjer å vurdere best mogleg utnytting av avfallet innafor rammene i ureiningslova, og er innstilt på å gje verksemda tilstrekkeleg tid til å kunne vurdere gode måtar å utnytte avfallet på.

Vi vil streke under at all ureining frå og innsyn til lageret frå offentleg område isolert sett er uønskt. Løyvet må likevel forståast som eit løyve til ureining. Det er såleis sett nokre krav for å minimalisere ureining og miljølempe frå aktivitetane utover det som er nødvendig som følgje av drifta. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. dei generelle pliktane som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Verksemda vil kunne få jamlege kontrollar frå Fylkesmannen. Kontrollane vil vere rutinemessige etter ein planlagt frekvens, grunna på meldingar / hendingar eller vere lekk i nasjonalt styrte kontrollaksjonar. Kontrollane vil som hovudprinsipp vere ikkje-føremelde, eller vi varslar kort tid i førevegen. Kontrollane kan også vare ut over ein dag. Vi kan også krevje innsyn i interne dokument før/under kontrollen. Fylkesmannen har generelt delt alle verksemdar vi har kontrollansvar for i såkalla "risikoklassar". Den vurderte risikoklasse for denne verksemda er 4, som opplyst på løyvedokumentet. Risikoklasse 4 vil seie at vi vil prøve å gjennomføre rutinemessig kontroll på dykkar verksemd kvart 4. år. Kontroll av Fylkesmannen er underlagt ei gebyrplikt til Staten. Satsane for gebyr går fram av kap. 39 i ureiningsforskrifta, og vedteke sats vil avhenge av vår samla ressursbruk på tilsynet.

Kommentarar til enkelte vilkår

Vi har presisert krav til **internkontroll** for det ytre miljøet. Slike krav går fram av eige forskrift. Vilkårsteksten må difor sjåast på dels som ei presisering av gjeldande lovkrav, og dels som informasjon for å få godt fram viktige krav. Krav til internkontroll vil gjere det nødvendig for verksemda å dokumentere eigne, viktige tiltak for vern av det ytre miljøet.

Behovet for skriftleg dokumentasjon og oppfølging vil vere tydlegare for verksemda etter gjennomført risikokartlegging. Merk at brot på løyvet (vilkåra) eller andre reglar etter ureinings- og avfallsregelverket må handsamast av verksemda som avvik.

Vi har sett inn meir presise krav til verksemda når det gjeld mottak av og hindring av spreiring av **framande, skadeleg artar**. Som sagt er slammet kalkhaldig og kan gje grunn til etablering av pionerartar so ikkje høyrer heime i området. Verksemda må difor jamleg syte for at slike artar ikkje får etablert seg.

Nærmiljøet skal vere sikra mot ulempe. Typiske sikringstiltak som tiltak mot støv og utvasking er omtalte i vilkåra. Plikta til sikring er likevel vidare enn dei spesifikt omtalte vilkåra, og må sjåast i samanheng med krav som vert utløyste etter internkontrollforskrifta. Løyvehavaren pliktar alltid å halde lageret og områda omkring fri for forsøpling.

Tilhøva til naturmangfaldlova og vassforskrifta

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 naturmangfaldlova lagde til grunn for vår vurdering. Arealbruken er i samsvar med endeleg vedtak etter plan- og bygningslova, og er opparbeidd til industriføremål. Naturmangfald vert difor i liten grad omfatta av denne etableringa, og nærare vurderingar etter §§ 9 – 12 er vurdert å vere unødvendig. Omsyn til miljøet er forsøkt ivareteke så langt det er mogeleg med fastsetjing av vilkåra for drifta.

Fylkesmannen har vurdert at den omsøkte aktiviteten ikkje er relevant i høve til føringane i vassforskrifta.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold vurderer Fylkesmannen at utsleppskonsesjon (utsleppsløyve) med dei tilhøyrande vilkåra som omtalt i løyvedokumentet kan gjevast. Det er eit mål å avgrense mengd og lagringstid mest mogeleg. Fylkesmannen er vidare innstilt på å oppheve løyvet, når det kan vise seg at verksemda jamleg har omsetjing / nyttiggjering av avfallet – eventuelt at avfallet jamleg vert levert til godkjent sluttdeponi.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller som er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Vedtak om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Vi viser til varsel om gebyrplikt datert 4.4.2017, og vedtek med dette at verksemda må betale eit gebyr til staten på kr. 9 300,- (sats 7) for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-4 i ureiningsforskrifta. Faktura vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter mottak av faktura.

Ressursbruk knytt til saksbehandlninga er lagt til grunn ved fastsetjinga. Vi har rekna med kostnader medgått for gjennomgang av saksdokument, interne og eksterne møte, kontakt med søkar, gjennomføring av førehandsvarsling og ferdigstilling av vedtak. Kostnader verksemda vil få til annonsering m.m. er ikkje medrekna.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova, og forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale.

Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

At ureininga er tilleten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap. 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne verksemda, til dømes om arbeidsmiljø, helse eller brannvern.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan **tre veker** etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal omtale nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller av eige tiltak, avgjere at

vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykkar rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjerdinga vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Eline Orheim
Ass. fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Sendt saman med dette brevet: Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi til: Lærdal kommune



Løyve etter ureiningslova for lagring av betongslam på gbnr 29/92 i Lærdal kommune Aurland Energibbygg as

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova) § 11, jf. § 16 og § 29 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 29.3.17, og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Verksemddata

Anlegg	Aurland Energibbygg as		
Adresse, poststad Besøksadresse	Låvi 1, 5745 Aurland Øyrane i Lærdal		
Kommune og fylke	Lærdal i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnr.	29/92	UTM midtpunkt	417722 6775045
Org. nummer (føretak/eigd av)	972 420 689	Org.nr. (verksemd)	974 832 321
Deponikategori ¹	Kategori 2: deponi for ordinært avfall		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Aktivitet	Løyvenummer	Risikoklasse
13/4758	1422.0023.01	Ordinært avfall	2017.0305.T	4

Løyve gitt: 24.5.17	Endringsnummer: -	Denne endringa: -
Eline Orheim Ass. fylkesmiljøvernssjef	Gøsta Hagenlund sjefingeniør	

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

Endringslogg

Endring nr.	Dato endra	Vilkår nr.	Omtale
-	-		

¹ Jf. avfallsforskrifta § 9-5

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå den dato Fylkesmannen kunngjer løyvet.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilråa er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilråa står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Verksemda må på førehand avklare med Fylkesmannen dersom de ønskjer å gjere endringar i drift, og desse endringane kan ha noko å seie for miljøet eller utforming av vilråa. Dersom verksemda ynskjer å gjere slike endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, må dette avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Ombruk av material/stoff på staden er ikkje omfatta av dette løyvet.

1. Handtering og rammer

Løyvet gjeld ureining og ulempe som følgje av handtering av betongslam og liknande restar frå produksjon av ferdigbetong. Årleg mengd er avgrensa til 1 000 tonn, og maksimal, samtidig lagring av betongslam er avgrensa til 5 000 tonn.

Handteringa av ordinært avfall gjeld mellombels lagring på produksjonstomta inntil avfallet kan gjenvinnast, eller leverast til sluttdisponering på godkjent sluttdeponi.

2. Generelle krav

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som råd

All ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og frå avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering.

2.2. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse² av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjons- eller utsleppsforhold skal analysen oppdaterast. Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko³ og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

² Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

³ For lukt skal ein vurdere risiko i samsvar med tilrådingane i TA3019/2013, vedlegg 3 (Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven)

Verksemnda sin internkontroll⁴ for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risiko-vurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift. Oppdatert dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemnda til ei kvar tid støtter krava i dette løyvet, ureiningslova og dei relevante forskriftene til denne lova.

For uønskete hendingar skal verksemnda ha etablere eit dokumentert system for registrering og eiga oppfølging. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemnda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentakning.

Verksemnda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande, pliktar verksemnda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemnda skal straks informere⁵ Fylkesmannen og nabolag

- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at støv eller nedfall av støv i omgjevnadane er høgare enn normalt,
- når avfall vert lagra lenger tid eller på annan måte enn normalt.

2.4. Nærmiljø

Verksemnda skal sikre at ulempe - utover det som er nødvendig og tillate i dette løyvet, frå utslepp til vatn og luft, støv, støv, framande plantar, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum.

Det skal om nødvendig gjennomførast tiltak for å hindre etablering av framande, skadelege artar⁶. Framande artar i kategoriane SE, HI og PH skal ikkje finnast på verksemdområdet.

⁴ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

⁵ Merk at verksemnda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

⁶ Med **framande artar** meiner vi: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial."

Dei omtalte risikokategoriane er SE (svært høg), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på www.artsdatabanken.no. Kategoriane SE og HI utgjer særleg stor risiko for stedleg biologisk mangfald, og er omtalt i Artsdatabanken som "svartlista" artar.

3. Handtering av avfall

3.1. Mottak og journalføring

Løyveharar kan lagre avfallstypene herda, delvis herda eller ikkje-herda betongslam.

Alt lagra avfall skal registrerast i journal. Av journalen skal minst framgå: Dato for mottak, mengd avfall, og dato for uttak (til gjenvinning eller til sluttdisponering).

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over mengd og type avfall som er motteke, kor lenge avfallet er lagra, dato når avfall forlét anlegget og namn på godkjent mottakar. Journal skal oppbevarast i minst 3 år.

3.2. Lagring av betongslam og liknande

Betongslam som har vore lagra på tomta i meir enn tre år, kan lagrast på staden inntil 31.12.2020.

Betongslam levert etter at datoen løyvet tok til å gjelde, kan lagrast på staden i inntil 3 år. Dersom avfallet innan slik tidsramme ikkje kan gjenvinnast i samsvar med reglane i ureiningslova, må avfallet leverast til godkjent sluttdeponi.

4. Oppbygging og drift av avfallsdeponi

Fylkesmannen legg til grunn at produksjonsområdet har kapasitet til å lagre inntil 5 000 tom betongslam. Lageret bør innrettast slik at det eldste slammet vert nytta for gjenvinning før nyleg lagra.

4.1. Deponikategori

Anlegget vert klassifisert som kategori 2: deponi for ordinært avfall.

4.2. Oppbygging og sikring av deponiet

Verksemda skal hindre innsig og inntrenging av overflatevatn til det lagra slammet. Dersom lagra slam kan utgjere ein fare for støvutslepp utover avsett eigedom, skal nødvendige tiltak setjast i verk for å hindre støvflukt.

5. Utslepp til grunn og vatn

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som er nødvendig og tillate i dette løyvet.

Minst ein gong per år skal det takast representative stikkprøver av innhald og samansetjing av tungmetall i lagra slam. Tilsvarande må det takast prøve av eventuell synleg overflateavrenning.

6. Beredskap mot akutt ureining o.l.

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling og skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget av skadane og ulempene som kan skje.

7. Større endringar

7.1. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje ha eller ta imot avfall ved anlegget utan etter avklaring med Fylkesmannen.

7.2. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar lenger enn ein eitt år, skal løyvehavar melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande.